



DEN NORSKE KYRKJA  
Dovre kyrkjelege råd

## MØTEBOK – DOVRE KYRKJELEGE RÅD

<b>Møtedato</b>	<b>Møtestad</b>
tysdag 29. mai 2018 kl. 19.00 - 22.00	Klukkarhaugen

### TIL STADES PÅ MØTET

Med stemmerett:

Dovre sokn: Guri Ruste, Helle Hundevadt (sak 29/30), Sonja Rykhus, Hans Ingvald Hovde, Tove jenny Qvan (sak 25-28/31)

Dombås sokn: Steinar Botheim, Stina Cecilie Storhaug Løkken, Martin Berg.

Prest: Daniel Johansson.

Kommunerepr.: Knut Nytun.

Med tale- og forslagsrett: kyrkjeverge Elin Marit Andgard, Tove Jenny Qvan, Synneve Toven (sak 29/18)

### SAKER TIL HANDSAMING

SAK 25/18	REFERAT OG ORIENTERINGER
SAK 26/18	KYRKJEPLAN 2018-2021
SAK 27/18	FØREBELS TILTAKSPLAN FOR KYRKJELEGE BYGG OG ANLEGG
SAK 28/18	RENOVERING DOMBÅS KYRKJE
SAK 29/18	NYTT ORGEL I DOMBÅS KYRKJE OG INNEKLIMA
SAK 30/18	TILSETTING KYRKJETENAR
SAK 31/18	GRØNN PLAN FOR DOVRE KYRKJEGARD

### UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført på saksnummer 25-31/18 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

*Stina Botheim* *Tove & Qvan* *Synneve Toven* *Sonja Rykhus*  
*Stina Løkken* *Guri Hundevadt* *Daniel Johansson*  
*Martin Berg* *Knut Nytun* *Hans Ingvald Hovde*

**Innkalling:** Utsendt 24.5.2018.

**Hovedutskrift:** Dovre kommune v/ formannskapet og rådmannen, Prost i Nord-Gudbrandsdal, arbeidstakererepr. i administrasjonsutvalget, revisor.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	29. mai 2018		

## **SAK 25/18 REFERAT OG ORIENTERINGER**

### **Saksopplysningar:**

- **Protokoll frå Dovre kyrkjelege råd 3. april 2018**
- **Referat frå møter:**
  - Kyrkjelydsmøtet 17. april
  - Orgelkomiteen 9. april
  - Pilegrimsutvalget 9. april
  - Jubileumskomiteen 19. februar og 19. mars
  - Arbeidsutvalget 23. mai
- **Orienteringer:**
  - Ljosglobe Dovre kyrkje
  - Tilsettinger sommerhjelp
  - Avskjedsgudsteneste og kyrkjekaffe for Daniel Johansson 24. juni
  - Prestesituasjon i Dovre frå 1. juli
  - Foredrag om gravminner ved Helge Klingberg onsdag 13. juni
  - Personvernordning (GDPR) – konsekvenser for DKR
  - Høyring om ny kyrkjeordning med frist 1. oktober
- **Post:**
  - Kirkerådet: Orientering til pågående forsøk med felles menighetsråd for flere sokn. Søknad om forlengelse eller andre planer innan 31.12.2018.
  - Himalpartner: Invitasjon til møte/samling fredag 22. juni kl. 12.

### **Innstilling:**

Protokollen frå rådsmøtet 3. april 2018 godkjent. Øvrige orienteringer tatt til etterretning.

### **Vedtak:**

Innstilling einstemmig vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	29. mai 2018	023	2010/3

### **SAK 26/18 KYRKJEPLAN 2018-2021**

#### **Saksopplysningar:**

Rådets forslag var lagt fram og drøfta på Kyrkjeldismøtet 17. april.

#### **Vedlegg:**

- Kyrkjeplan 2018-2021

#### **Innstilling:**

Dovre kyrkjelege råd vedtar forslaget til kyrkjeplan 2018-2021.

#### **Vedtak:**

Innstilling einstemmig vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	29. mai 2018	410	2008/3

### **SAK 27/18 TILTAKSPLAN FOR KYRKJELEGE BYGG OG ANLEGG**

#### **Saksopplysningar:**

På bakgrunn av rapporten «Status og tiltaksplan for kyrkjelege bygg og anlegg i Dovre» av 2008, gjennomførte tiltak, nye kartleggingar samt nye behov, har kyrkjeverge utarbeid utkast til tiltaksplan for kyrkjelege bygg og anlegg. Denne blir lagt fram for rådet slik at rådets ynskje og synspunkt blir med i endeleg plan som rådet får til ny behandling haust-2018. Forslag til prioriteringar av arbeid og tiltak i år blir presentert på møtet.

#### **Vedlegg:**

- Førebels tiltaksplan for kyrkjelege bygg og anlegg pr. 2018

#### **Innstilling:**

Alt 1:

DKR ber kyrkjeverge ferdigstille tiltaksplanen og ta med følgende moment frå rådet:

Alt 2:

DKR ber kyrkjeverge ferdigstille planen og ta med dei innspela som kjem før 1.9.18.

#### **Vedtak:**

DKR ber kyrkjeverge ferdigstille planen og ta med dei innspela som kjem før 1.9.18.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	29. mai 2018	411	2011/6

## **SAK 28/18 RENOVERING DOMBÅS KYRKJE**

### **Saksopplysningar:**

Vedtak i DKR-sak 18/18.

Kyrkjeverge har nokre spørsmål til vedtaket før vedtak blir iverksett:

- DKR vedtok å kjøpe inn lause stablestolar med grått stofftrekk som ekstrastoler. Er det tenkt korleis og kvar stolar skal lagrast når dei ikkje er i bruk?
- DKR vedtok å kjøpe bord for bruk til kyrkjekaffe, møter og konfirmantsamlinger. Er dette bord som skal stå i sideskipet heile tida eller kunne fjernast ved anna bruk? Sammenleggbare, enkle bord?
- DKR vedtok at fremste benk på både sider vert flytta til vestre sideskip. Ovn under desse benkane var med da oppvarmingskapasitet i hovedskipet vart berekna. Eventuell flytting får konsekvenser for oppvarmingskapasitet i sonene, og elektrikerarbeid med å kable om. Det vil også «stenge» for seinare installasjon av luft-til-luft-varmepumpe som er prosjektert i sideskip, men utsatt fordi det var usikkerheit om funksjonalitet og økonomi. Ynskjer rådet å få utgreid kostnad og konsekvens ved benkeendring/ovner?

### **Vedtak:**

Saken vert utsett til første møte i haust som blir i Dombås Kyrkje. Arild Dalseth/Rundtom møbler blir invitert.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	29. mai 2018	414	2012/4

## **SAK 29/18 NYTT ORGEL I DOMBÅS KYRKJE OG INNEKLIMA**

### **Saksopplysningar:**

#### Vedlegg:


- Notat: Oppdatering av informasjon fra komiteen for nytt orgel i Dombås kyrkje

Som leiar i orgelkomiteen skriv i notatet er det viktig med best mulig inneklima for å ivareta det nye orgelet. Spørsmålet er kva er riktig inneklima og korleis få det til.

#### Begreper:

Relativ luftfuktigheit, RF målt i %. Dette målet er eit uttrykk for luftas evne til å ta opp vatn, og evnen varierer med temperatur. Jo varmare, desto meir vatn kan lufta ta til seg. For kvar grad lufttemperatur synk, synk RF med 2-3 %. Figuren nedanfor syner korleis RF varierer med temperaturen ute og inne.





Kviletemperatur: Den temperaturen som er sett når kyrkja ikkje er i bruk.

Brukstemperatur: Den lufttemperaturen det skal vere ved bruk.

ER-temperatur: Faktisk lufttemperatur.

### Inneklima og orgel

KA har utgjeve to hefter som om dette, som er laga i samarbeid med m.a. Norges musikkhøgskole og riksantikvar: «Klang og kvalitet – innføring i investering og vedlikehold av orgler» i 2008 og «Kirkeoppvarming og inneklima Bevaringsmiljø, energibruk og forsvarlig oppvarming i kirkebygg» i 2009.

Utdrag frå KAs hefter:

- Eit orgel er følsomt for klimatiske svinger i form av temperatur og luftfuktighet. Temperatursvingninger påvirker orglets stemming. Svinginger i RF påverker treverket.
- Strålevarme i tak og golvvarme skal ikkje nyttast ved orgelet.
- Anbefalt RF mellom 40 og 60 %. For lav RF kan forårsake at treverket sprekker, for høye verdier kan medføre utvikling av muggsopp, skader på tre, tekstiler, metall.
- Unngå lengre perioder med RF under 30 %.
- Det frarås befuktning av kirkerom på generelt grunnlag. Befuktningssanlegg kan forårsake kondens på kalde yttervegger. Befuktningssanlegg krever regelmessig ettersyn og vedlikehold. I enkelte tilfeller kan moderat bruk lokalt rundt orgelet vere gunstig, spesielt i kyrkjer der temperatur må haldast høg og konstant pga. hyppig bruk.
- Endring i trematerialer skjer relativt sakte, slik at korte perioder med brukstemperatur og lav RF påvirker i liten grad.
- Hensyn til interiør og varmekomfort for brukere kan vere ei utfordring.

Anbefalinger i KAs hefter:

- Brukstemperatur ved gudstenester og kyrkjelege handlinger: 17-20 grader.
- Korte oppvarmingstider og lange kvileperioder:
- Kviletemperatur 5-10 grader, jevn RF ca 50 %.
- Oppvarming bør skje raskt, men ikkje raskare enn at orgelpipene får høve til å tilpasse seg temperaturen. 6-12 timer
- Kyrkjerommet må halde brukstemperatur ei periode før bruk. Kor lenge avheng av lokale forhold og erfaringer. Svell-luker og dører/luker står åpne utanom bruk for å påskunde utjevning av temperatur i dei ulike delene.
- Kontroll på inneklimaet.
- Oppvarming av organistens arbeidsplass, egen sone og evt. nærvarme i tillegg.


Samandrag: Om ein held romtemperaturen lågt utanom bruk (kviletemperatur), vil ein oppnå høgare RF over lengre perioder. Betre miljø for interiør og orgel.

### Oppvarming, varmestyring og klimalogg

For ca to år sidan vart det montert nye ovner og varmestyringsanlegg i Dombås kyrkje. Oppvarmingskapasiteten vart auka, slik at det er mogleg å varme raskt opp.

Varmestyringsanlegget har gjeve oss nokre utfordringer, slik det er med alt som er nytt. Det må brukast tid til å prøve ut ulike innstillinger og hente ut klimalogger, evaluere og prøve ut meir. Klimaloggen gje oss verdifull oversikt over korleis inneklimate er over døgnet, veka, månaden og året.

Grafen nedanfor viser klimalogg februar-2017 – april-2018, gjennomsnitt pr. måned.



Fra oktober-2017 vart kviletemperaturen auka til 12 grader, og ein ser at RF blir lågare enn i 1. kvartal av året.

Erfaringer så langt med varmestyringsanlegget i Dombås kyrkje:

- I perioda der kviletemperatur var sett til 14 grader på orgelgalleriet og 12 grader i kor og hovedskip, er RF i kor 3-4 % høgare.
- Kviletemperatur i orgelsone må vere lik eller lågare enn ellers i kyrkjerommet. Har orgelsona høgare kviletemperatur, vil ovnene vere på «stadig vekk».
- Kyrkja må vere varm nokre timer før bruk for at den ikkje skal opplevast klam (murvegger fungerer som kaldemagasin).
- Benkar blir for varme under vedlikehaldsvarme (altså oppvarming under bruk for å opprettehalde temperaturen). Det er brukt feil relèer, og desse må skiftast ut for at styringa skal bli optimal. Da kan ovnane vere på med t.d. 40 % effekt.

### Inneklima i anbudsprosessen

I konkurransegrunnlaget står det under kriterier for valg av tilbud: «Oppdragsgivers vurderinger av firmaets erfaringer med bygging av mindre orgler under tilsvarende klimatiske forhold som dem man finner i indre Østlandet i Norge og i samsvar med klimalogg fra kirken fra ca 1.2.2015.»

I anbudsinformasjon på Doffin: «Leverandørens erfaringer med leveranser i tørt, norsk innlandsklima. Må kunne garantere full funksjonalitet innenfor 20 % og 80 % relativ luftfuktighet.»

I tilbud fra Ryde & Berg var det stilt krav om RF mellom 20 % og 70 %, med aksept av under 20 % over en kortere tidsperiode. Brødrene Thorkildsen har ingen kommentar.

Tilbudet fra Ålems orgelverkstad har under punktet garanti, 10 år under forutsetning av at lokalet ikke utsettes for unormale luftfuktigheter (ikke under 35 % relativ luftfuktighet over lengre tid). Dette punktet er også med i kontrakten som er inngått hausten 2016.

Lennart Olafsgård var på besøk i Dombås kyrkje 9. mai. Klima var eit tema under samtalen med deler av orgelkomiteen og kyrkjeverge. Olafsgård frarår befuktningssystem inne i orgelet. Han tilrår at dørene til sveivverket står åpne utanom bruk, det er organistens oppgave å passe på. Ved oppvarming blir lufta også inne i orgelet varma opp. Unngå å lufte ut for mykje etter bruk om vinteren (beheld fuktigheten i folks utpust). Han seier at perioder under 35 % RL kan akseptast. Det er viktig at dette blir avtalefesta.

### **Innstilling:**

DKR vedtek:

- a. Klimalogg sendast til Ålems orgelverkstad som grunnlag for dialog om inneklimate i Dombås kyrkje.
- b. DKR ved orgelkomiteen prøver å få aksept for tillegg til kontrakta med aksept for lågare RF enn 35 % og definisjon av «lengre tid».
- c. Oppvarming må testast meir ut med variasjonar av kviletemperatur, oppvarmlengde og lengre oppvarming av orgelgalleriet.
- d. Viser klimaloggen etter ei prøveperiode (vinteren 2018-2019) med aktiv bruk av styringssystemet, at det er behov for luftfuktningssystem blir slikt montert og finansiert av disposisjonsfondet dersom det ikkje er att midler på orgelfondet.

### **Vedtak:**

DKR vedtok innstillingens punkt a-c.

DKR vedtok tre nye punkt:

- e. Varmestyringsanlegget i Dombås kyrkje må gjennomgåast og opplæring til alle ansatte må gjennomførast.
- f. DKR ber kyrkjeverge undersøke luftfuktningssystem og mogleigheit for at dei korresponderer med installert styringssystem.
- g. Saka blir behandla på første rådsmøtet til hausten for endeleg avgjerd.



Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	29. mai 2018	212	2008/5

### **SAK 30/18 TILSETTING KYRKJETENAR**

#### **Saksopplysningar:**

AU vedtok å lyse ut kyrkjetenarstilling i 40 %, 20 % i september-april og 80 % i mai-august. Den vart annonsert i Vigga i veke 15 med søknadsfrist 27. april.

#### **Søkere:**

Geir Sondre Mjellekås  
Bjørn Lund  
Odd Egil Solås – har trekt søknaden.

Arbeidsutvalget har vedtatt å kalle inn til intervju mandag 28. mai. Rådsleiar, kyrkjeverge og ein representant for tilsette deltek ved intervju.

#### **Innstilling framlagt på møtet:**

Bjørn Lund blir tilbudt eit engasjement i inntil 80 % i perioda juni-oktober.

#### **Vedtak:**

Innstilling einstemmig vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	29. mai 2018	511	2014/6

### **SAK 31/18 GRØNN PLAN FOR DOVRE KYRKJEGARD**

#### **Saksopplysningar:**

Kyrkjegardsutvalget saman med skogbrukssjef Kim Berget hadde befarings på båe kyrkjegardane i mai-2017. På Dombås kyrkjegard er det felt tre som vedtatt, medan øvrige tiltak er sett i tiltaksplanen (sak 27/18).

På Dovre kyrkjegard vart det bestemt følgjande tiltak:

- a. Sjuke/skadde/dårlege tre blinka for felling.
- b. Behov for å plante inn att tre og busker. Type og plassering?

Felling av tre vart gjort veka etter påske. Etter felling vart det klart at vi har «blanke ark» og det er behov for å få ein plan for kva som skal plantast kvar. Rådsleiar og kyrkjeverge har bedt gartner Bjørke lage grønn plan for Dovre kyrkjegard.

#### **Saksopplysningar på møtet:**

Forslag til grønn plan delt ut.



**Innstilling:**

Dovre kyrkjelege råd vedtar forslaget til Grønn plan for Dovre kyrkjegard. Utgifter til trefelling, stubbefresing og innkjøp av nye tre og planter blir finansiert med bruk av disposisjonsfondet.

**Vedtak:**

Dovre kyrkjelege råd vedtok:

- Plante bjørk med om lag 15 meters avstand som innramming av kyrkjegarden, mot Kongsvegen og Vangvegen opp til Folldalsporten.
- Plante bjørk eller rogn på oversida av Folldalsporten og oppover mot innkøyring til bårhuset.
- Plante rogn ved gravminne til engelske soldater og der det ikkje er til hinder inne på kyrkjegarden.
- Grantre på austsida av kyrkjegarden skal fjernast.
- Fjerne buskar og kjerr mot Kirkestuen i sør. Bjørk skal stå att og det blir plen inntil muren.
- Sette opp nytt og høgare gjerde kring driftsområdet i aust som skjermar og gjer det penere for nabolaget. Sette opp nye stolper og grind mellom driftsområde og kyrkjegarden.
- Vurdere hekken opp frå nedre inngang nå når bjørkene er borte. Er stell tilstrekkeleg eller må potentillaene skiftast ut med andre busker?
- Finansiering av tiltaket blir gjort ved budsjettregulering til hausten.